

Sak 56/24 INNSPEL TIL BUSKERUD FYLKESKOMMUNE SIN BUDSJETTPROSESS**Saksopplysning:**

I april vedtok fylkestinget i Buskerud innsparingar på om lag 45 mill. på kollektivtilbodet i Buskerud. Dette førte til at omlag 10-12 % av bussrutene i Hallingdal vart lagt ned med verknad frå 19. august.

Denne saka handlar om å få på plass nokre av dei budsjettmidlane som vart kutta i april gjennom å gje innspel i budsjettprosessen i fylket. Heilt konkret gjeld det å sikre drifta av Hallingbussen og å få opp att Linje 330 Geilo – Ål – Gol som no er lagt ned etter vedtak i fylket.

Vedlagt ligg eit innspel som er utarbeid i samråd med leiar i samferdselsutvalet og som er sendt til administrasjonen i Buskerud fylke med eit varsel om at det kan bli justert etter behandling i regionrådet.

Vurdering

Ein må ha forståing for at noko må kuttast når kassa er tom, men nokre av kutta skapar så store utfordringar for dei reisande og for kommunane i dalen at me bør prøve å innarbeide det i budsjettet att.

Konsekvensen av at Brakar kutta sin avgang frå Geilo-Ål-Gol kl. 9:20 er at 27 Ukrainske elevar som skal frå Geilo til Ål introserter på vaksenopplæring mistar tilbodet sitt og at kommunen må bruke midlar på anna løysing. Det er at 4 arbeidstakarar på VINN i Hol mistar tilbodet sitt og at VINN A/S må kjøpe ein bil for å ordne dette og det er at 3 arbeidstakarar som bur på Ål og jobbar på VINN på Gol kjem seg mykje seinare på jobb. I tillegg er betyr det at folk som skal til tannlege, Politi, pass-kontor, NAV, eller andre offentlege samfunnstenester får eit dårlegare tilbod.

Det er vanskeleg å tru at desse konsekvensane var kjende og ønskjelege då vedtake om kutt vart fatta, og difor prøver me å få midlane attende på budsjettet.

Når det gjeld Hallingbussen er den i drift i dag, men konsekvensen av å behalde Hallingbussen er at andre av Brakar sine ruter i Hallingdal blir kutta. Dette meiner me er feil fordi Hallingbussen ein kompensasjon for at jernbanetilbodet "Vøgne" vart nedlagt og den har alltid vore finansiert direkte gjennom fylket. Me tek derfor til orde for å skilje Hallingbussen frå Brakar også i budsjettssamheng for å sikre Hallingbussen for framtida.

Forslag til vedtak

Regionrådet for Hallingdal tek innspel til budsjett 2025 i Buskerud fylkeskommune til orientering

Vedlegg

Skriftleg innspel til budsjett 2025 i Buskerud fylkeskommune

Gro Ryghseter Solberg
Fylkesdirektør for samferdsel

Innspel til budsjett 2025 i Buskerud fylkeskommune - kollektivtransport

Den 4. april i år kom Regionrådet for Hallingdal med innspel vedrørende kutt i Kollektivtilbodet i Buskerud. Dette var ei oppfølging av innspel gitt i møte 7. mars 2024 der kommunane i Hallingdal og Ringerike møtte BFK. Me hadde den gong to prioriterte bussavgangar som me bad om at ikkje skulle kuttast:

1. Hallingbussen
2. Linje 330 Geilo – Ål – Gol

Resultatet av vedtaket i april var at Hallingbussen vart skåna – enn så lenge, men at Linje 330 Geilo – Ål – Gol vart kutta.

Regionrådet har forståing for at noko må kuttast, sjølv om det vart kutta i eit allereie dårleg kollektivtilbod. I samband med prosessen mot budsjettet for 2025 tillèt me oss å si noko om konsekvensen av kutta og rett og slett spørje om dette var konsekvensar som var belyst i saka den gongen.

Konsekvens av å kutte linje 330

Det skapar store utfordringar for folk og kommunar i Hallingdal at Brakar kuttar sin avgang frå Geilo-Ål-Gol kl. 9:20:

Busette flykningar

Det er 27 Ukrainske elevar som skal frå Geilo til Ål introserter på vaksenopplæring alle kvardagar. Mange av desse har barn i barnehage og småskulealder, og difor er ikkje dei andre bussavgang aktuelle. Løysinga blir at Hol kommune må leige inn busstransport frå eit lokalt turbilselskap, eller finne anna løysing. Dette er ein kostnad for Hol kommune på om lag 40 000 kr pr. månad. Brakar skulle ha 40 000 pr. veke!

VINN A/S

Ei tilrettelagt bedrift og ressurscenter for arbeidsinkludering

Vinn har 4 arbeidstakarar i VTA (tilrettelagt arbeid) som bur på Geilo. Dei jobbar i Hol. Tidlegare gjekk det buss frå Geilo, som dei hoppa av på Hagafoss, og tok ein annan buss inn til Hol sentrum. No måtte me kjøpe ein bil for å løyse utfordringa

Frå Ål har me 4 arbeidstakarar som no må ta buss frå Ål kl. 7.10, og er framme ved VINN på Gol kl. 07.45. Dei må då vente 45 min før dei kan starte å arbeide.

Dette er arbeidstakarar som har behov for å kome seg på jobb heile året – ikkje berre når det er skule.... Dei er uføre, og akkurat desse har ikkje førarkort. Heilt avhengig av kollektivt for å kunne vera ein aktiv bidragsyter til samfunnet. Kommunane kjøper månadskort hjå Brakar til flyktningar som skal bruke kollektiv transport. Det var berre flyktningar frå Ukraina som hadde gratis buss etter vedtak i overordna organ fram til 2024.

I tillegg har me til ein kvar tid ca. 60 tiltaksdeltakarar. Mange av desse har bil, men det er OG mange som ikkje har bil, eller førarkort. Dei er avhengig av kollektivt for å komme seg til VINN for å bli kartlagt, få karriererettleiing og finne ein ny veg ut att i arbeidslivet.

Andre reisande som har behov for «offentlege samfunnstenester»

Dei som skal til

- Tannlege. Fylkeskommunen har sentralisert tannhelsetenesta – då må ein ikkje ta vekk moglegheita til å koma seg dit
- NAV Statleg/kommunal teneste. Vanskelegare å få hjelp lokalt – folk må til Gol.
- VGS. Elevar som startar seinare enn vanleg tek seinare bussar
- Politi/pass sentralisert til Gol. Einaste tilbodet i dalen

Hallingbussen

Hallingbussen er vår fyrsteprioritert fordi dette er det einaste tilbodet hallingane har for å koma seg til Ring-eriksregionen og til Oslo på morgonen, etter at jernbanetilbodet med "Vøgne" vart nedlagt.

Hallingbussen må innarbeidast i Buskerud fylkeskommune sitt budsjett og ikkje gå på Brakar sitt budsjett. Hallingbussen ein kompensasjon for at jernbanetilbodet "Vøgne" vart nedlagt. Dette har alltid vore finansiert direkte gjennom fylket. Slik det er no er konsekvensen av å behalde Hallingbussen at andre av Brakar sine ruter i Hallingdal blir kutta. Me ønskjer å skilje Hallingbussen frå Brakar også i budsjettsamanheng for å sikre dette tilbodet for framtida.

Regionrådet for Hallingdal meiner:

Bussruter med gjennomgåande høge passasjertal bør prioriterast. Passasjertal bør derfor leggst fram når bussruter skal kuttast.

Det er feil at det offentlege ved kommune eller stat må bruke store summar på å kompensere for ei nedlagt bussrute der det offentlege fylket sparar pengar. Då må ei heller gå i dialog på førehand og finne løysingar som gjer at det ikkje blir håplaust å bu i distrikta

Ein bør vurdere rolla til Brakar. Er dette eit hensiktsmessigt organ eller bør ein vurdere rolla.

Om ein fortsett å bygge ned kollektivsatsinga i distrikta finn kvar mann si løysing og dei svakaste blir skadelidande. Om ein ønskjer å ta heile fylket i bruk trengs andre verkemiddel i distrikta enn i byen. Me ønskjer eit samarbeid med Buskerud om å tenkje nytt om kollektivtransport i distrikt.

Konklusjon:

1. Regionrådet for Hallingdal ønskjer å skilje Hallingbussen frå Brakar også i budsjettsamanheng for å sikre dette tilbodet for framtida.
2. Regionrådet for Hallingdal ønskjer at drifta på Linje 330 Geilo – Ål – Gol blir innarbeid i budsjettet att frå 2025

Hallingdal 24. sept 2024

Jan Olav Helling
Dagleg leiar